



## MØTE I SUNNFJORD VASSOMRÅDEUTVAL

Måndag 17. desember kl 10 - 14

Stad: Scandic Sunnfjord hotell, Førde

### REFERAT

#### Frammøtte:

Gunnar Osland, nestleiar	Askvoll, folkevald
Truls Hansen Folkestad	Gaular, adm
Jakob Andre Sandal	Jølster, folkevald
Solfrid Trå	Jølster, adm
Arne Stig Sortevik	Naustdal, adm
Johannes Folkestad	Askvoll og Fjaler, adm
Kaja Standal Moen	Flora, adm
Eli Mundhjeld	Statens vegvesen Region Vest
Siss-May Edvardsen	NVE, Region vest
John Anton Gladsø	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Marit Bendz	Naturvernforbundet Sogn og Fjordane
Alvar Melvær	Naturvernforbundet
Elisabeth Dahle	Forum for natur og friluftsliv, Sogn og Fjordane
Karl Vie	Førde elveeigarlag
Staffan Hjohlman	Sogn og Fjordane fylkeskommune, vassområdekoordinator

#### Kunnskapsgrunlaget / vann-nett (orientering)

*John Anton Gladsø, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*

Det vart mellom anna orientert om arbeid med oppdatering av kunnskap i vann-nett om forsuring av vassdrag, påverknad frå lakselus og tilstand i kyst/fjord.

Fylkesmannen har fagleg ansvar for innhaldet i vann-nett.

Fylkesmannen oppfordrar spesielt kommunar og sektorstyresmakter, men også andre interesserte, om å kontrollere opplysningane i vann-nett og melde ifrå til Fylkesmannen, eventuelt gjennom vassområdekoordinator, dersom ein oppdagar feil og manglar.

#### Spørsmål og innspel i møtet:

- Kommunane bidrar til kunnskapsgrunlaget med data frå vassprøver m.m.
- Konkret innspel om Grytedalselva i Bremanger kommune.
- Arbeid med å anlegge vindkraftpark på Gulesletta påverkar fleire vassførekomstar, som bør følgjast opp.

# Sunnfjord vassområde



- Blir kunnskap frå frittstående faginstansar tatt inn i vann-nett?  
Svar frå Fylkesmannen: Ja, mykje er med. Det er viktig at dei som tingar undersøkingar avtalar med konsulent / laboratorium at data skal lastast opp i vannmiljø-databasen (vannmiljo.miljodirektoratet.no), som er kjelden til data i vann-nett.
- Lakselus førekjem i sjøvatn og kan ikkje bekjempast i elvane. Svar: Dersom fiskeoppdrett fører til meir lakselus rundt anlegga, og dette i sin tur påverkar bestanden av laks og sjøaure som går opp i elvane, er dette menneskeskapt påverknad som indirekte verkar på elvane. Mattilsynet er styresmakt for sjukdomsspreiing frå fiskeoppdrett, og såleis ansvarleg for å utgreie tiltak i sjøen.
- Vassområdekoordinator har intensjon om å kontakte kommunane enkeltvis for gjennomgang og kvalitetssikring av kunnskapsgrunnlaget og for å avklare behov for nye tiltak.
- Det var ønske om at kunnskapsgrunnlag og nye tiltak blir tema for møte mellom kommunane i vassområdet.

---

## Sak 5-2018 Midlar til fylkesprosjektet for avløp

*John Anton Gladsø, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*

**Saksutgreiing** – *Susan Solbrå og Staffan Hjøhlman, fylkeskommunen*

Fylkeskommunen har gjennomført eit forprosjekt på påverknad frå avløp på vassførekomstar. Prosjektet har digitalisert prioriterte område der det ligg avløpsanlegg med høgt potensial til å påverke vassførekomstar.

Fylkesmannen søkte om midlar til eit fylkesprosjekt (hovudprosjektet) som skal bygge vidare på forprosjektet og greie ut om påverknader frå avløp på vassførekomstar i Sogn og Fjordane vassregion. Miljødirektoratet tildelte 500 000 kr. Fylkeskommunen bidreg i tillegg 100 000 kr.

Fylkeskommunen samarbeider med fylkesmannen og har henta inn tilbod på hovudprosjektet. I tilbodsinvitasjonen vart prosjektet delt i to. To opsjonar vart óg lagt inn for å sikre god leveranse:

Del 1: Validere vassførekomstar påverka av avløp i samarbeid med kommunane
Del 1 Opsjon: Inspeksjon og registrering av avløpsanlegg
Del 2: Kommunane som ureiningsmynde
Del 3 Opsjon: Avløpsvatn frå ferjer og cruiseskip

Eitt tilbod vart motteken. Prisen på Del 1 og Del 2 ligg innafor den økonomisk ramma, men opsjonane kan ikkje gjennomførast utan ytterlegare midlar. For Del 1 opsjon er det estimert behov for 120 000 kr pr. vassområde. For Del 3 opsjon er det estimert behov for 65 000 kr pr. vassområde. Det er moglegheit for å søke om midlar frå Miljødirektoratet for Del 3 opsjon under tilskotsordninga generell vassforvaltning. Fristen for søknad er 15. januar 2019. Tildeling er usikkert.



Tabellen nedanfor viser leveransane i Del 1 opsjon og Del 3 opsjon.

Del 1 Opsjon	<ul style="list-style-type: none"><li>• Inspeksjon og registrering av fem avløpsanlegg i eitt vassdrag i kvar kommune</li><li>• Sette graden av påverknad som lita, middels eller stor</li><li>• Synfaring for å avdekke eventuelle direkte utslepp til vassdraga frå septiktankar.</li></ul>
Del 3 Opsjon	<ul style="list-style-type: none"><li>• Oversikt over korleis ferjeselskap og reiarlag handterer avløpsvatn på sine fartøy.</li><li>• Ei vurdering om praksisen kan føre til vesentleg påverknad på vasskvaliteten av kystvatn målt etter krava i vassforskrifta.</li></ul>

Fylkesprosjektet om avløp var diskutert på temamøte om avløp 15.11.2018 med leiarar og sakshandsamarar frå kommunar i Sunnfjord vassområde. I møtet kom det positive tilbakemeldingar på at prosjektet vil bidra med kunnskap og løysingar som kommunane har stort behov for. Det vart sett positivt på opsjonen om inspeksjon av 5 spreidde avløpsanlegg i kvar kommune. Det vart teke til orde for å bruke av Sunnfjord vassområdes midlar i dette prosjektet dersom løyvingane på 600 000 ikkje strekk til.

**Sak 5-2018 VASSOMRÅDEKOORDINATOR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Vassområdeutvalet set av inntil kr 200 000 på budsjettet for 2019 til bruk på fylkesprosjektet for avløp, jamfør saksframstillinga, Del 1 opsjon og Del 3 opsjon. Det er ein føresetnad for løyvingane at opsjonane vert fullfinansiert.

## **Sak 5-2018 SUNNFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 17.12.2018**

**VEDTAK, samrøystes:**

**Vassområdeutvalet set av inntil kr 200 000 på budsjettet for 2019 til bruk på fylkesprosjektet for avløp, jamfør saksframstillinga, Del 1 opsjon og Del 3 opsjon. Det er ein føresetnad for løyvingane at opsjonane vert fullfinansiert.**

---

## **Sak 6-2018 Planprogram for regional vassforvaltningsplan**

**Bakgrunn - Merete Farstad, fylkeskommunen**

Regional plan for vassforvaltning 2016 - 2022 for Sogn og Fjordane vassregion skal oppdaterast. Oppdatert vassforvaltningsplan skal gjelde for perioden 2022 -2027. Jamfør orientering frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 25.10.2018 (vedlegg 1).

# Sunnfjord vassområde



Fylkeskommunen ber om innspel til Planprogrammet (utkast i vedlegg 2). Spesielle tema:

- Medverknad – korleis sikre god medverknad i vassregionen og i vassområda?
- Korleis bør vassområdeutvalet fungere? Type saker, prioriteringar, drøfting/vedtak.
- Samarbeid i temagrupper, t.d. oppfølging av landbruk, avløp.
- Representantar i vassregionutvalet, t.d. alle kommunar eller ein kommune representerar vassområdet?
- Konsekvensar av kommunereforma. Grenser, vedtak om finansiering, representasjon.

**Innspel sendast innan 1. januar 2019 til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Merete Farstad. Ta kontakt dersom det ikkje er råd å overhalde fristen. Planprogrammet må vere ferdig i slutten av januar for å bli handsama vidare i arbeidsutvalet til Sogn og Fjordane vassregionutval, og politisk behandling i fylkesutval m.m. i alle fylka som har areal i denne vassregionen.**

## Innspel i møtet:

- Representasjon i det nye Vestland vassregionutal etter samanslåing av Sogn og Fjordane med Hordaland 01.01.2010. Dei folkevalde som var møtt fram spelte inn at representantar frå kommunane bør avgrensast til leiarar, evt også nestleiarar, i vassområda. Dei meinte utvalet blir for stort om alle kommunar skal vere representerte. Dette vil sette større krav til forankring i vassområdeutvala, der alle kommunar er representerte.
- Det var spelt inn at ein kan sjå på erfaringar frå medverknad i pilotfasen, då pilotkommunar i Sogn og Fjordane (Stryn) og Hordaland (Bergen), tilhørde ein felles vassregion (Vestlandet). Merete Farstad svarte at arbeidet i pilotfasen omfatta berre 2 kommunar, slik at utfordringane for medverknad var annleis.
- Elisabeth Dahle etterspurte nasjonale rammer for vindkraftutbygging. Mange vassførekomstar blir påverka av utbygginga. Dette kan og føre til større flaumfare, ved at bekkar blir leia nye vegar. Alvar Mæland tilføyde at ein bør ta prøver av drikkevasskjelder før oppstart av utbygging. Truls H Folkestad peika på reguleringsplanar og behov for at desse tar omsyn til krava i vassforskrifta.
- Om sikring mot flaum, viste Siss-May Edvardsen til at ein i dag har planar for at flaumvatn får ta vegen over landbruksareal med meir for å verne liv, helse, bustadar og anna sårbar infrastruktur.
- Innspel til medverknad: Vassområdekoordinator inviterer seg til å orientere på kommunestyremøte. Bondeorganisasjonar bør vere med i fora der ein diskuterer tiltak.
- Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen og kommunane om eit landbruksprosjekt som resulterer i digitalisering av landbruksareal med særleg stor påverknad på vassdrag. Arbeidet vil gi kunnskap til kommunar og bidra til å styre RMP-tilskot (Regionalt Miljøprogram) frå Fylkesmannen til gardsbruk.



## Sak 7-2018 Hovudutfordringar i Sunnfjord vassområde

Hovudutfordringar i Sunnfjord vassområde (sjå utkast, vedlegg 3) vil vere eit vedlegg til dokumentet Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion (vedlegg 4), som skal på høyring 01.04. – 30.06.2018. Dokumenta summerer m.a. opp kunnskapsgrunnlaget for vassforvaltninga, herunder tilstand, påverknader, miljømål og tiltak. Dette vil danne utgangspunkt for revidering av vassforvaltningsplan og tiltaksprogram.

Dokumentet er basert på ein mal som er utforma av Miljødirektoratet. Svart tekst er frå malen, medan grøn tekst er ført inn av vassområdekoordinator. Figurar og tabellar er henta frå vann-nett.

**Vassområdekoordinator ber om innspel til dokumentet innan 1. januar 2019. Ta kontakt dersom det ikkje er råd å overhalde fristen. Sjå sak 6 for grunngjeving av tidsfristen.**

### Innspel i møtet:

- Forbygging av elvar kan vere eit gode for miljøet ved å hindre flaum med utvasking av landbruksjord. Det er tungt byråkrati og vanskeleg å få løyve til reparasjon av forbyggingar.
- Klima - flom
  - Landbruksjord som kan oversvømme, forbygging på innsida av jordene
  - Behov for å gi elva større plass?
  - Må ha meir forbygging for å verne om landbruksjorda
- Heilskapleg vassforvaltning av vassdraga viktig
- Plast i vann
  - Kjenner vi til mikroplast i avløpsvatnet?
  - Manglar retningslinjer på korleis handtere plast som kvalitetselement i arbeidet
- Vindmøller - Gulaslettene
  - Drikkevatt
- Er det nokon som følger med på grunnvatnet som ligg langs trafikkerte vegar og saltpåverknad i grunnvatnet?
- Det er berre nokre få vassførekomstar som ligg med tilstand svært dårleg eller dårleg økologisk tilstand. Kan vi finne fram til tiltak som kan løfte dei opp i minst god økologisk tilstand og slik bruke dei som gode døme i arbeidet?

---

## Sak 8-2018 Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion

*Merete Farstad, fylkeskommunen*

Viser til dokumentet Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion (vedlegg 4).

# Sunnfjord vassområde



Fylkeskommunen ber om innspel til dokumentet innan 1. januar 2019 til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Merete Farstad. Ta kontakt dersom det ikkje er råd å overhalde fristen. Sjå sak 6 for grunngjeving for tidsfristen.

## Spesielle tema det er ønske om innspel på:

- Samfunnsutvikling, planlagd aktivitet og verksemd.
  - Arealbruk
  - Næringsutvikling
  - Framtidige utslepp, mellom anna planar for avløpsanlegg
  - Utbygging til 2027 (blikk på 2033)
  - Vassforsyning og varsemdsområde
  - Badeplassar
- Overordna utfordringar
  - Kunnskap
  - Målkonfliktar
  - Ressursar
  - Regelverk / verkemiddel
  - Arealplanlegging

## Innspel i møtet:

- Klimaendringar er ei viktig utfordring
- Spørsmål om sprøytemiddel er eit tema, både langs veg og landbruksareal. Det er forholdsvis liten kunnskap om ureining av vassdrag med sprøytemiddel, men brønnar er i nokon grad overvaka for slik ureining.
- Arealbruk – integrere betre vassmiljø i reguleringsplaner
- Utfordringar som kan inngå i regiondokumentet er påverknad frå
  - Plast /mikroplast
  - Utbygging av vindmølleparkar
  - Manglande kunnskapsgrunnlag om
    - Mikroplast
    - Sprøytemidlar langs vegar og i landbruket?

---

## Revidering av vassforskrifta (orientering)

*Staffan Hjøhlman, vassområdekoordinator Sunnfjord*

Forslag til revidert vassforskrift var på høyring hausten 2017 (jamfør møte i vassområdeutvalet 10.11.2017). Det var då m.a. føreslege at fylkeskommunen ikkje lenger skulle vere vassregionstyresmakt. Sunnfjord vassområdeutval sende høyringsuttale.

Referat Sunnfjord vassområdeutval 17.12.2018

Postadr.:  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Sandane senter  
Krånavegen 5, 3. etg  
6823 Sandane

Telefon:  
90 40 26 61

E post:  
[staffan.hjohlman@sfn.no](mailto:staffan.hjohlman@sfn.no)

Side 6 (av 7)

# Sunnfjord vassområde



I brev datert 5.7.18 frå Klima- og miljødepartementet (KLD) er det presisert at endringar i organiseringa vert stilt i ro og at dette skal sjåast i samanheng med nye oppgåver til fylkeskommunen.

I melding til Stortinget (Meld.St. 6. 2018-2019) *Nye oppgaver til regioner* (s. 73) er det presisert at vassressursforvaltning ikkje vert overført frå fylkeskommunen til staten.

20.11.2018 vedtok Stortinget samrøystes å ta inn naturmangfaldlova som heimel for vassforskrifta. Stortinget ber samrøystes regjeringa å syte for at vassforvaltningsplanane framleis er regionale planar etter plan- og bygningslova, og at planprosessane skal følgje plan- og bygningslova.

Revidert vassforskrift er venta 01.01.2019.

---

## Status for miljøundersøkingar/prosjekt i Sunnfjord vassområde i 2018 (orientering)

*Staffan Hjohlman, vassområdekoordinator Sunnfjord*

- Vassprøver, innsamla av kommunane, analysert av VestfoldLAB.
  - Innsjøar, Faun naturforvaltning, planteplankton og kjemi
  - Forbygde elvar, NORCE (tidl Uni Research Miljø), habitatkartlegging, fiskeundersøking
  - Fylkesprosjekt om avløp – forprosjekt ved fylkeskommunen (sak 8-2018)
  - Vandringshinder ved kommunale vegar (under planlegging)
- 

Merete Farstad / Staffan Hjohlman

Ref.

### Vedlegg:

Orientering om prosessen med å oppdatere Regional plan for vassforvaltning

Planprogram for regional vassforvaltningsplan (utkast)

Hovudutfordringar i Sunnfjord vassområde (utkast)

Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion (disposisjon / utkast)

Lysark: Kunnskapsgrunnlaget

Lysark: Fylkesprosjektet om avløp

Lysark: Planprogram og hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion

Referat Sunnfjord vassområdeutval 17.12.2018

Postadr.:  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Sandane senter  
Krånavegen 5, 3. etg  
6823 Sandane

Telefon:  
90 40 26 61

E post:  
[staffan.hjohlman@sfi.no](mailto:staffan.hjohlman@sfi.no)

Side 7 (av 7)